



HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Nyhendebrev nr. 7, 16. februar 2023

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Studiebarometeret 2022: Gode resultat for Høgskulen i Volda

Høgskulen i Volda har gått litt fram medan gjennomsnittet for norske høgskular og universitet har gått litt tilbake på måling av kor nøgde studentane er med studia sine i den nasjonale undersøkinga Studiebarometeret for 2022.

LES MEIR



God start på Studentveka

Veka i Volda har kome godt i gang. Vekerevyen hadde fullt hus på siste framsyning tysdag. [Les melding av revyen på rektorbloggen.](#) Konserten med Ylvis ha vore utselt lenge, men det er framleis billetter på dei fleste arrangementa, både for studentar og andre.


LES MEIR



Samskipnaden gir hybelgaranti i Volda

Studentsamskipnaden går for første gong ut og gir hybelgaranti til studentar - så lenge dei sender søknad om studentbustad innan 1. mai. Studentar kan søkje om studentbustad når som helst på året, men søkjer ein før 1. mai er ein altså garantert ein bustad.

[LES MEIR](#)



ChatGPT er forbode på eksamen på HVO - i utgangspunktet

[Utdanningsutvalet ved Høgskulen i Volda](#) diskuterte onsdag 15. februar korleis verktøy som ChatGPT skal vurderast i samband med eksamen. Utvalet vurderer det slik at ChatGPT og liknande verktøy i utgangspunktet ikkje kan reknast som lovleg hjelpemiddel på eksamen. Men det kan også tenkast at eksamensoppgåver opnar for elle føreset bruk av slike verktøy. I slike tilfelles skal det vere presiserast i eksamensoppgåva at ein kan bruke til dømes ChatGPT. HVO vil kome med informasjon knytt til bruken av ChatGPT for både tilsette og studentar, og arbeide vidare med seminar og erfaringsdeling i korleis verktøyet kan nyttast som ein del av utdanninga på ein god måte.

[LES MEIR](#)

Studium og studentliv



Skodespelarane på Vekerevyen 2023.

Studentveka - heile programmet

Billetter til arrangementa på studentveka finn du på [Tikkio](#). Her er [programmet for heile studentveka](#):

Torsdag 16. februar: Kapteinen, Rokken

Fredag 17. februar: Hedda Mae, Rokken

Laurdag 18. februar: Lars Vaular, Rokken

Søndag 19. februar: Spelturnering, Rokken

Måndag 20. februar: Eldrebingo

Tysdag 21. februar: Ølsmaking, Rokken

Tysdag 21. februar: Veka Vision (talentkonkurransen), Rokken

Onsdag 22. februar: Veka-kviss, Rokken

Torsdag 23. februar: Extradagen - rebusløp Coop Extra - Årneset (for inviterte barnehagar)

Torsdag 23. februar: Kjærlighetspodden, Rokken

Fredag 24. februar: Ylvis, Rokken (utselt)

Laurdag 25. februar: Livleg laurdag for barn, Idrettsbygget

Laurdag 25. februar: Temafest på Rokken

Søndag 26. februar VSI Kanonballturnering, Idrettsbygget



Internasjonal dag: Mangfaldig og fargerikt

Internasjonal dag ved Høgskulen i Volda var endeleg tilbake med eit brak i 2023 etter to år med virtuelle substitutt. Det var til tider trangt om plassen i kantina på Berte Kanutte-huset, og mange kunne la seg inspirere til utveksling frå partneruniversitetene som hadde stand på høgskulen. [Les meir på nettsidene våre.](#)



Medieproduksjonstudentar laga HVO-film

Tre studentar ved medieproduksjonsstudiet ønska å utfordre seg sjølve i praksis. Resultatet ble at dei tok initiativ til å lage reklamefilm for Høgskulen i Volda. "Først Volda, så verda" er tittelen på filmen som studentane Fredrik Hovdevik, Eivind Lokstad og Adrian Jakobsen produserte på eige initiativ etter

eit kort idemøte med kommunikasjonsavdelinga ved Høgskulen i Volda (HVO). [Les meir på nettsidene våre](#).

Mange nye emne på gang: Økokritikk, digital mobbing og dokumentarproduksjon

På møte i Utdanningsutvalet 15. februar vart det godkjent å starte planlegginga av fleire nye emne: Økokritikk skal etter planen bli eit nytt fordjupingsemne på bachelor i språk og litteratur frå hausten 2023.

Fagmiljøet innan digital kompetanse (IDK) vil utvikle 15 nye emne, dei fleste på 5 studiepoeng. Blant aktuelle tema er skaparverkstad, digital mobbing, digital skulehage, leiing av digitale utviklingsarbeid og seks ulike emne i programmering. Emna skal etter planen bli tilgjengelege hausten 2024.

Avdeling for mediefag får starte planlegging av ei samlingsbasert vidareutdanning i dokumentarproduksjon for studieåret 2023/2024.

Vidareutdanning: Barnehagelærarar skal bli trygge på digitale verktøy

Leik og fysisk aktivitet godt hjulpet av digitale verktøy, kan gi barn i barnehagen nye og spennande måtar å lære kreativt på. Korleis barnehagelærarar best nyttar seg av desse verktøya får dei god innsikt i gjennom ei ny vidareutdanning som har søknadsfrist 1. mars. [Les meir på nettsidene våre](#).

Studentbarnehagen - også for barn av HVO-tilsette - søknadsfrist 1. mars

Det er søknadsfrist i studentbarnehagen 1. mars. Barn av studentar og tilsette ved Høgskulen har prioritet ved opptaket. [Les meir på nettsidene til Sivolda](#).

[Tekst og tanke - masterlesesalen på biblioteket - 22. februar](#)

Allmøte for alle tillitsvalde studentar - 9. mars

Studentombod Gøril Hillersøy vil vere blant innleiaren på allmøtet, med hovudtema studentrettar og eksamen. Det blir også servert varm mat. Studentparlamentet ønsker velkomen til alle tillitsvalde. [Les meir på nettsida vår](#).

Menyen i kantina neste veke

Måndag: Gresk vegetargryte

Tysdag: Ovnsbakt pengasius(kvit fisk)

Onsdag: Lasagne med brød og salat

Torsdag: Potetball med tilbehør

Fredag: Tacobuffet

Fag og forskning



Kari Bachmann om utdanningsval og fødselstidspunkt

Når på året du er fødd ser ut til å påverke kva yrkesval du tek. Dei som er fødde seint på året har ein tendens til å velje yrkesfag medan dei som er fødde tidleg på året i større grad vel studiespesialisering. Dette er eitt av resultatata av forskning som [professor Kari Bachmann](#), AHL, har

utført, og som har blitt omtala i Forsking.no og i [Ekko \(NRK\)](#). Les meir i [Forsking.no](#) Kari Bachmann vart tilsett ved Høgskulen i Volda i 2022 og [kom då frå ei stilling som dekan ved Høgskolen i Molde](#).

Styre og stell

Studieavgift for internasjonale studentar

Alle høgskular og universitet er pålagde å kreve studieavgift for studentar frå land utanfor EØS og Sveits. For Høgskulen i Volda er det to studietilbod som er aktuelle for internasjonale studentar. Direktør har no vedtatt studieavgift for dei to studietilboda og for Norsk for internasjonale studentar vert studieavgifta kr. 75.000 pr år og for studentar på Master in Media Production vert studieavgifta kr 115.000 for studieåret 2023-2024.

Årsrekneskapet for 2022: Auka inntekter - lågare utgifter

Høgskulen i Volda har levert ein førebels årsrekneskap for 2022 og den syner eit driftsresultat på ca. 9 millionar kroner. Dei samla driftsinntektene enda på ca. 477 millionar kroner. Dette var ca. 33 millionar over budsjett og skuldast for det meste auka oppdragsaktivitet (BOA). Driftskostnadene kom på ca. 468 millionar kroner men var klart lågare enn budsjettet. Høgskulen har ved årsskiftet avsetningar på ca. 105 millionar kroner, men i 2023 skal høgskulen betale for oppussinga av Hans Strøm-huset og i tillegg fleire andre investeringar, slik at avsetningane kjem til å kome ned på ca. 20 millionar kroner ved neste årsskifte. Høgskulestyret skal i mars vedta den endelege årsrekneskapen og årsrapport for 2022, men det er ikkje grunn til å rekne med særlege endringar på tala samanlikna med det som har vorte levert no tidleg i februar.

Årsrekneskapen for 2022: Høgskulen sparte på pensjon - dekte stipendiatkostnader

I 2022 fekk Høgskulen nesten 6 millionar kroner i lågare pensjonsutgifter enn budsjettet. Dei sparte pensjonsutgiftene vart blant anna brukt til å dekke sterk auke i lønsutgiftene til stipendiatar.

Færre gjennomførte bachelor på normert tid - stabilt på master

Høgskulen i Volda har dei siste åra vore blant høgskulane som har hatt høgst gjennomføringsgrad på bachelorutdanningar. Ca 65-70 prosent av studentane har gjennomført bachelor på dei normerte tre åra. For 2022 har høgskulen ein klar reduksjon i dette talet og går ned til ca. 56 prosent gjennomføringsgrad. Ei medverkande årsak til dette er at nye nettstudium har mange studentar, men få gjennomfører ein full bachelor på normert tid. På masterstudium har høgskulen ein liten nedgang i

gjennomføringsgrad frå 39 til 37 prosent frå 2021 til 2022. På lærarmasterane (GLU) var det ca. 51 prosent som gjennomførte på normert studietid, altså 5 år.

Nytt om namn

Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på www.hivolda.no

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på www.hivolda.no. Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side.](#)



Informasjonssjefen går til Sparebank1 Søre Sunnmøre

Høgskulen i Voldas informasjonssjef [Line Lauvsnes Oddekalv](#) har fått ny jobb som kommunikasjonssjef i Sparebank1 Søre Sunnmøre. Oddekalv tek til i den nye jobben seinare i vår.

Faglege arrangement - og fristar

Fagdag: Oppfølgingsarbeid i Nav -Sosialt arbeid i NAV-kontor

«Oppfølgingsarbeid i Nav – sosialt arbeid i Nav-kontor» var tema då Institutt for sosialfag inviterte til open fagdag. Dagen var særleg meint for studentar i sosionomutdanning og for tilsette i praksisfeltet, men open for alle som ønska å lære meir om temaet. [Les meir på nettsidene våre.](#)



Mini-seminar om opplæring i norsk for internasjonale tilsette 22. februar - påmeldingsfrist 17. februar

Høgskulen i Volda arrangerer 22. februar seminar om opplæring i norsk for internasjonale tilsette. Seminaret er altså ikkje eit norskkurs i seg sjølv, men handlar om kunnskapar om og erfaringar med norskopplæring av fagleg tilsette, og korleis andre institusjonar løysar dette. Seminaret har to innleiarar som begge arbeider ved Universitetet i Bergen: Professor [Ann-Kristin Helland Gujord](#) som har forska på desse spørsmåla, og [universitetslektor Else Berit Molde](#) som har arbeidd praktisk med norskopplæring av internasjonale tilsette. [Her er meir informasjon om seminaret - og lenke til påmelding. Seminaret er gratis.](#) Påmeldingsfristen er fredag 17. februar.

SEANSE inviterer til kunstnaropphald - søknadsfrist 1. mars

Seanse - senter for kunstproduksjon ved Høgskulen i Volda er einaste i landet som tilbyr kunstnaropphald for prosjekt innan alle kunstsjangrar. Både enkeltkunstnarar og grupper er velkomne til å søke. I år vert samlingane i veke 24, 25, 42 og 43. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Nytt kurs i høgskulepedagogikk: Formidling i høgare utdanning: Søknadsfrist 15. mars

Formålet med emnet er å gje deltakarane praktisk og teoretisk innsikt i arbeidet med kommunikasjons- og formidlingsteknikkar i ein didaktisk kontekst, både i det fysiske og det digitale

klasserommet. Tilhøvet mellom teori og praksis, etiske problemstillingar og profesjonstilhøyrighet står sentralt. Deltakarene vil arbeide med mellom anna:

- Analyse av eiga undervisning knytt til kommunikasjonsmodellar,
- Praktiske og teoretiske øvingar knytt til ulike formidlingsteknikkar
- Mikrofon og kamerateknikk
- Dramaturgi som didaktisk verkemiddel

Studiet skal stimulere til kontinuerleg utvikling av faglærer sin pedagogiske kompetanse. Emnet kan også inngå i pedagogisk merittering. Emneansvarleg er [førstelektor Vibeke Preus](#), AKF. Den første samlinga blir arrangert 20.-21. april. [Les meir om emnet på nettsidene våre](#). Søknadsfristen er 15. mars 2023 - [søk om opptak på denne lenka](#).

Støtte til utvikling av engelskspråklege emne - søknadsfrist 15. mars

Internasjonalt utval har lyst ut midlar til oppretting eller utvikling av engelskspråklege emne, og søknadsfristen er 15. mars. Eit emne på 15 studiepoeng kan få inntil kr 75.000 i støtte. Internasjonalt utval handsamar søknader i møte 27. mars, og det er ein føresetnad at emnet er eller vert godkjent av Utdanningsutvalet. Prorektor Odd Helge Tonheim sende invitasjon til alle tilsette 3. februar, og der låg det også ved meir informasjon om utlysinga og krav til søknader. Søknader skal gå gjennom aktuell avdeling.

Læringsverkstaden: Utviklingsmidlar til studentaktive lærings- og vurderingsformer

Høgskulen i Volda ønsker å ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet, som det står i strategiplanen. Eitt tiltak for å nå dette målet er å tildele midlar til prosjekt innan studentaktive lærings- og vurderingsformer, og [Læringsverkstaden](#) inviterer tilsette på HVO til å sende søknader om midlar til prosjekt. Prosjekta kan maksimalt få kr 50.000, og søknadene vert handsama etter kvart som dei kjem inn. [Meir informasjon om utlysinga er i nyhende-brev frå Læringsverkstaden](#).

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre](#).

[Rådgivar ved Driftsavdelinga \(innkjøp\)](#) - søknadsfrist 15.2.2023

[Lærling i IT-driftsfag](#) - søknadsfrist 1.3.2023

[Førstekonsulent/seniorkonsulent på Avdeling for mediefag](#) - søknadsfrist 9.3.2023

[Professor / dosent / førsteamanuensis / førstelektor / høgskulelektor i samfunnsvitenskap](#) - søknadsfrist 10.3.2023

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege og sosiale arrangement og hendingar på og ved HVO:

Våren 2023:

- 11.-25.2.2023: [Studentveka 2023](#), Rokken
- 22.2.2023: [Seminar om opplæring i norsk for internasjonale tilsette](#), BK Vesle aud
- 9.3.2023: [Høgskulestyret](#)
- 16.-17.3.2023: ASH Avdelingsseminar
- 23.-24.3.2023: [Skuleleiarkonferansen](#), Molde
- 29.3.2023: Konsert med høgskulekoret
- 30.4.2023: [Næringskonferansen for Søre Sunnmøre](#), Ørsta
- 20.-23.4.2023: [X2-festivalen](#)
- 11.-12.4.2023: AKF Avdelingsseminar
- 3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)
- 25.-26.5.2023: [NOA - Nasjonal konferanse om norsk som andrespråk](#), HVO
- 31.5.-1.6.2023: AMF Avdelingsseminar
- 15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)
- 20.-21.6.2022: [Fjordkonferansen](#), Loen

Hausten 2023:

- 1.8.2023: Ny fireårsperiode for styre, rektorat og 3 dekanar
- 15.8.2023: [Studiestart studieåret 2023-2024](#)
- [Sunnmøre Kammermusikkfestival](#)
- 7.9.2023: [Høgskulestyret](#)
- [Animation Volda](#)
- 26.-27.10.2023: [Høgskulestyret \(seminar og styremøte\)](#)
- 7.12.2023: [Høgskulestyret](#)

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

12.2.2023: [Vekerevyyen: "På feil fest" var heilt rett fest!](#)

8.2.2023: [Færre førstekompetente på HVO – men framtida ser lovande ut](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Offentleg journal \(postliste\)](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)

